

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2016	Formannskapet i Radøy	PS	29.09.2016
056/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	15/1727	16/12196

### Val av medlemmer til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunestyra i kommunane Austrheim, Fedje og Radøy har oppretta eit felles forliksråd som er slik samansett:

Radøy kommune - to faste representantar og 2. vararepresentant  
Austrheim kommune - ein fast representant og 3. vararepresentant  
Fedje kommune – første vararepresentant.

Domstollova § 27 bestemmer samansetjinga av forliksråda. Forliksrådet skal ha 3 medlemmer og like mange varamedlemmer. Mellom medlemene og varamedlemene skal det vera både kvinner og menn. Varamedlemene vert tilkalla i den rekkefølge dei er oppnemnde. Kommunestyret vel eit av medlemene til leiar.

Forliksrådsmedlemene er dommarar, og domstollova § 53 gjeld difor også for dei. Medlemene må vera norske statsborgarar, ha fylt 25 år, vera under 70 år ved starten av valperioden og beherska godt norsk skriftleg og munnleg. Valet gjeld for perioden fram til 31.12.2020.

Fylkesmannen skal godkjenna val av forliksråd.

Departementet gjer merksam på at forliksråda i vår rettergangsordning har ei viktig og krevjande oppgåve. For at dei skal kunna løysa oppgåva, er det difor nødvendig at det til medlemmer berre vert vald personar som i "enhver henseende" er skikka til vervet.

Departementet finn grunn til å understreka at val av forliksråd ikkje er val av eit politisk råd eller utval, og at ein ved valet tek omsyn til personlege føresetnader og eigenskapar. Vidare er det avgjerande å bevare kontinuiteten i forliksrådet og såleis ikkje skifta ut heile forliksrådet på ein gong.

Radøy sin medlemmer i forliksrådet er inneverande valperiode Olav Steinar Namtvedt (leiar) og Birthe H. Frotaule (styremedlem). Audun Sylta er 2. vararepresentant.

Olav Steinar Namtvedt og Birthe H. Frotaule har sagt seg villige til å vera med vidare i forliksrådet.

Audun Sylta har meldt frå at han ikkje vil halda fram som 2. vararepresentant.

Saka vert lagt fram for valnemnda, som skal koma med si tilråding til kommunestyret.

Formannskapet skal i eigenskap av valnemnd leggja fram forslag på medlemmer til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy for perioden 1.1. 2017 – 31.12. 2020.

#### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

#### **Formannskapet i Radøy - 076/2016**

##### **FS - handsaming:**

Silje Namtvedt (Sp) kjende seg inhabil i saka. Formannskapet kjende Namtvedt inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga.

*Det vart sett fram følgjande framlegg på kandidatar til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy:*

Medlemer: Olav Steinar Namtvedt, Birthe H. Frotaule

2. varamedlem: Finn Frantzen

Olav Steinar Namtvedt vert leiar i forliksrådet.

Valnemnda vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

##### **FS - vedtak:**

Følgjande vert valde som Radøy kommune sine medlemer i forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy:

Olav Steinar Namtvedt, Birthe H. Frotaule

2. varamedlem: Finn Frantzen

Olav Steinar Namtvedt vert leiar i forliksrådet.

#### **Kommunestyret i Radøy - 056/2016**

##### **KS - handsaming:**

Silje Namtvedt (Sp) stilte spørsmål om ho på grunn av nært slektskap til ein av kandidatane, er ugild i handsaminga av saka. Kommunestyret kjende Namtvedt habil og ho deltok i handsaminga. Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapetstilrådinga.

##### **KS - vedtak:**

Følgjande vert valde som Radøy kommune sine medlemer i forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy:

Olav Steinar Namtvedt, Birthe H. Frotaule

2. varamedlem: Finn Frantzen

Olav Steinar Namtvedt vert vald som leiar i forlikrådet.